



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for funksjonshemma</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Skei Hotell</b>
<b>Møtedato</b>	<b>01.04.2014</b>
<b>Kl.</b>	<b>10.00-15.00</b>

**Faste medlemer til stades:** Norunn Lunde Furnes, Odd Atle Stegegjerdet og Solfrid Fossberg

**Forfall til møtet:** Solfrid Lillebø og Geir Liavåg

**Varamedlemer til stades:** Ingen (Varamedlem Gerd Bjørkedal vart opp ringt i møtet, men var ikkje å treffe og kunne difor ikkje bli kalla inn)

### **Møte med inviterte gjester**

I møtet vart det sett av om lag ein time frå klokka 11.00 for ein dialog mellom rådet og to inviterte. Dei inviterte denne gongen var leiaren i drosjenæringa i fylket, **Endre Råheim** og fylkespolitikar **Jorunn Eide Kirketeig** til å delta i denne dialogen. J.E. Kirketeig understreka at ho møtte her som privatperson/pårørande til brukar av drosjetenester. Tema var urimelege differensierte prisar på drosjer for funksjonshemma, tilgjengelegheit og verdigheit ved slike transportbehov.

**Sekretariat for møtet:** Arvid Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til at alle saker som skal handsmast opne.

Møtebok frå 6. februar 2014 vart godkjend utan merknader.

**Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:**

1. Formell invitasjon til landskonferansen 19.-20. august 2014 (i denne saka drøfter rådet reisemåte og tidspunkt for felles møte med Hordaland og Møre og Romsdal)(vedlegg).

**Behandling:** Rådsleiaren avklarar dette saman med sekretæren.

2. Rapport sentrumsnære turveggar ([link](#) og vedlegg)

**Behandling:** Rapporten vart først kjent for rådet vi Møre og Romsdal fylkeskommune. Rutinar på dette må sikrast slik at alle relevante mottakarar i får dette i tide. Bekymring frå eit medlem om at stiar/turvegar ikkje fram står som ferdige og kan nyttast av alle.

3. Serviceskyss, brev frå fylkeskommunen til kommunar med og utan slik skyss (vedlegg to brev).

**Behandling:** Teke til vitande.

4. Nordvestnytt. (vedlegg)

**Behandling:** Teke til vitande.

5. Rapporten «Inkludering av personer med nedsett funksjonsevne i arbeidslivet» (FAFO) vart lansert 13.mars i år. Vedlegg [rapporten](#) samt tre presentasjonar frå pressekonferansen.

**Behandling:** Teke til vitande.

6. NTNU Samfunnsforskning har gjennomført ein longitudinell studie av ungdom med nedsett funksjonsevne og familiane deira i tidsrommet 1998 til 2012. Prosjektet har namnet [«Funksjonshemming og livsløp»](#) og vart publisert i ei bok 19.februar i år.

**Behandling:** Det kan sjå ut som punkt 6 og 8 er identiske. Slår desse to orienteringssakene saman. Teke til vitande.

7. 12.desember i år vart det publisert ein rapport som syner at sysselsetjinga har gått noko ned i tidsrommet 2002-2013 for personar med nedsett funksjonsevne.

**Behandling:** Det manglar ei link til saken i møtet. [Den ligg her](#). Orienteringa vart teke til vitande

8. NTNU har utarbeidd ein rapport om [«Kommunal praksis og personer med utviklingshemming»](#), publisert 2.desember 2013

**Behandling:** Sjå sak 6.

9. Utkast til forskrifter ved innføring av ny uførepensjon i offentleg tenestepensjon (overgangsregler, inntektsprøving og samordning) – [meir info her](#).(vedlegg)

**Behandling:** Teke til vitande.

10. Overgangsregler for ny uførepensjonsordning på høyring – [meir info her](#). (vedlegg)

**Behandling:** Teke til vitande.

11. Evaluering av «ledsagerbevisordningen» i Akershus kommunene (Vedlegg)

**Behandling:** Teke til vitande, men ber om ei tilbakemelding på om vi har slike ordningar i vårt fylke.

12. Ymse – ingen saker

**SAK 4/14 Fylkesrådet for funksjonshemma - skriv, meldingar  
01,04.2014**

**VEDTAK:**

Fylkesrådet for funksjonshemma tek orienteringane til vitande.

-----  
**SAK 5/14 Innspel til Budsjett 2015/økonomiplan 2015-18**

**Framlegg til vedtak:**

- 1) Fylkesrådet for funksjonshemma er særleg oppteken av god standard og tilgjenge for alle og ønskjer å oppretthalde desse krava i både drift og investeringar.
- 2) Særleg legg fylkesrådet for funksjonshemma vekt på at høg standardar for tilgjenge vert presiserte inn i anbodskrava ved utlysing av bus- og båtrutetilbod i fylket.
- 3) Fylkesrådet meiner at elektronisk skilting (audiovisuelle) samt teleslynge skal vere standard i alle fylkeskommunale kommunikasjons tilbod.

**Endringsframlegg:**

Odd Atle Stigegjerdet la fram forslag om nytt punkt 4); Fylkesrådet ber om ei snarleg løysing slik at rådet får attende ei permanent sekretærstøtte.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1) Fylkesrådet for funksjonshemma er særleg oppteken av god standard og tilgjenge for alle og ønskjer å oppretthalde desse krava i både drift og investeringar.
- 2) Særleg legg fylkesrådet for funksjonshemma vekt på at høg standardar for tilgjenge vert presiserte inn i anbodskrava ved utlysing av bus- og bårutetilbod i fylket.
- 3) Fylkesrådet meiner at elektronisk skilting (audiovisuelle) samt teleslynge skal vere standard i alle fylkeskommunale kommunikasjons tilbod.
- 4) Fylkesrådet ber om ei snarleg løysing slik at rådet får attende ei permanent sekretærstøtte.

-----  
**SAK 6/14 Justering - handlingsplan for likestilling, likeverd og  
mangfald 2014-18**

**VEDTAK:**

- 1) Fylkesrådet for funksjonshemma meiner at den framlagde handlingsplanen ivertek lov- og forskriftskrav på området.
- 2) Fylkesrådet for funksjonshemma meiner fylkeskommunen er tent med å ha ein overordna handlingsplan som definerer krav til aktivitet og arbeidsmetodar.

-----